



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 12. juni 2019 kl. 09.00 – 11.45  
Stad: Lindås rådhus - formannskapssalen

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Kåre Mestad (vara for Rolf Henning Hegland),  
Kåre Helge Østrem (medlem), Anne Kristin Tonning (medlem) og Rebecca  
Duesund Fjeldsbø (medlem)  
Sissel Bjørke (vara for Kåre Helge Østrem i sak 34/19)

Forfall: Rolf Henning Hegland

Innkalla: Morgan Taule, dagleg leiar i KIM AS (til sak 34/19)  
Rådmann Ørjan Raknes Forthun (til sak 33-34/19)

Frå revisjonen:

Sekretær: Øivind Olsnes

---

**31/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent

**32/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møte den 24.04.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteutskrift frå møte den 24.04.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte den 24.04.2019 er godkjent



### 33/19 Skriv og meldingar:

#### Saksvedlegg:

- Referat frå møte den 08.05.19 mellom leiarane i kontrollutvala – Radøy, Meland og Lindås
- Høyringsuttale - Politisk styringsstruktur og reglemenet for Alver kommune
- Fylkesmannen i Vestland – budsjett 2019 og økonomiplan – Lindås kommune
- Vedtak fellesnemnda Alver sak 023/19 Revisjonsavtale

#### Saksopplysningar:

#### **Løypemelding forvaltningsrevisjon**

Deloitte ved Line Margrete Johansen har i e-post den 9.mai gjeve slik løypemelding i samband med forvaltningsrevisjon av arbeidet med trygt og godt skulemiljø i Lindås kommune.

*Nedanfor er nokre punkt som skildrar status i gjennomføringa av prosjektet:*

- Vi fekk dokumentasjon frå kommunen i samsvar med vår dokumentførespurnad.*
- Vi fekk også ein kontaktperson i kommuneadministrasjonen (rådgjevar oppvekst) som vi har god dialog med, og som har bistått oss på ein god måte når vi har hatt behov for det t.d. i samband med gjennomføring av intervju.*
- Vi har gjennomført ei spørjeundersøking retta mot tilsette på skulane. Vi sleit litt med å få ein god svarprosent på spørjeundersøkinga, og måtte utsetje fristen med ei veke. Etter fleire påminningar frå oss og bistand frå kontaktpersonen i kommunen fekk vi total 272 svar = 77 prosent. Dette blir vurdert å vere ein tilfredsstillande svarprosent.*
- I slutten av mars var vi i Lindås og gjennomførte stikkprøvekontroll og intervju. Vi intervjuar kommunalsjef oppvekst, rådgjevar oppvekst, fire rektorar og lærarar frå to av skulane.*
- Vi er no i gang med analyse og utarbeiding av rapport, og vi er i rute med tanke på å levere ferdig rapport innan utgangen av august.*

#### **Prosjektrekneskap fellesnemnda Alver**

Sak 029/19 i Fellesnemnda var ettersendt i e-post til utvalet

#### Behandling i møte:

Ulike skriv og meldingar vart gått gjennom og drøfta  
Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om prosjektrekneskap (Fsak 029/19) i møte

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering





### 34/19 KIM forhold til offentleglova og regelverk for offentlege anskaffingar

Saksvedlegg:

Vedtak i klagenemnda for offentlege anskaffelsar i sak 2006-12  
Nordnorske Entreprenørers Service-organisasjon BA vs Helgeland Industrier AS

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet handsama den 13. mars 2019 (sak 16/19) Knarvik Industri Miljø AS (KIM AS) si oppfølging av «*Rapport om selskapsrevisjon av KIM AS 2018*».

Under behandlinga i møte vart det sett fokus på styret si vurdering av om KIM AS er omfatta av lov om off. anskaffingar og off. lova.

I Deloitte sin revisjonsrapport var det konkluderte med at KIM AS er omfatta av lov om off. anskaffingar og off. lova, noko styret seinare har vurdert ulikt.

I møte den 13.03.2019 vart det gjort slik

**Samrøystes vedtak:**

*Kontrollutvalet meiner at KIM AS har følgd opp ulike tilrådingar i selskapskontrollen på ein god måte. Kontrollutvalet er særst nøgd med at det er utarbeida ulike nye rutinar og at det på kort tid er utført eit godt arbeid for å følgje opp tilrådde tiltak i rapporten.*

*Kontrollutvalet tek tilbakemelding frå KIM AS til etterretning, og sender rapport med vedlegg til kommunestyret til orientering.*

*Kontrollutvalet oppmodar KIM AS å vurdere nærmare om selskapet er unnateke offentleglova og lov om offentlig innkjøp.*

Kontrollutvalet ønskte vidare at leiar kontakta rådmannen for å undersøkje nærmare om KIM er omfatta av off. anskaffingar. Rådmannen har førelagt spørsmålet for kommuneadvokaten, som har gjeve følgjande tilbakemelding i saka.

*«Jeg har sett på KIMs forhold til offentleglova og lov om offentlig anskaffelse i lys av den motstriden som foreligger mellom revisjonsrapporten og KIMs anførte forståelse.*

*I korte trekk kan jeg gi min fulle tilslutning til den rettsforståelsen og de vurderingene som følger av revisjonsrapporten under punkt 5.5.2, overskriftene Offentlige anskaffingar og Offentleglova.*

*Jeg vil likevel kort nevnte:*

*Offentlig anskaffelse*

*KIMs anførsel om at man ikke er underlagt lov om offentlig anskaffelse fordi man er organisert som et AS, er ikke alene holdbart.*

*Vurderingstemaet er om KIM, uavhengig av organisasjonsform, er å anse som «offentligrettslig organ», jf. LOA § 1-2*



*Gitt det som er gjengitt i revisjonsrapportens punkt 5 er korrekt, er det min vurdering at KIM må anses å være et offentligrettslig organ.*

*Sentralt er at KIM er et selvstendig rettssubjekt (en arbeidsmarkedsbedrift) som er opprettet med det formål å ivareta allmenhetens behov i den forstand at de som arbeider i virksomheten ville falt utenfor det ordinære arbeidsmarkedet med de krav til produktivitet og effektivitet som der stilles. Dette følger direkte av formålsparagrafen til Kims vedtekter hvor det fremgår at «Verksemmda er oppretta for å ivareta viktige sosialpolitiske føremål». Virksomhetens drift er muliggjort av offentlig finansiering hvor 50% av virksomhetens inntekter er direkte overføringer fra det offentlige. Bedriften konkurrerer med andre ord ikke i det åpne markedet på ordinære forretningsmessige vilkår og kan verken sies å ha ordinær industriell eller forretningsmessig karakter. I tillegg til de offentlige overføringene, er det offentlige også kjøpere av virksomhetens tjenester i ikke ubetydelig grad. Når også mer enn halvparten av medlemmene i virksomhetens administrasjon- og ledelse er utpekt av lokale myndigheter, er det min oppfatning at KIM må anses som «offentligrettslig organ», jf. LOA § 1-2.*

#### *Offentleglova*

*KIMs anførsel om at man ikke er underlagt offentliglova fordi man er organisert som et AS, er heller ikke her holdbar.*

*Det følger av offentliglova § 2 første ledd bokstav c og d, at loven gjelder for selvstendige rettssubjekt hvor det offentlige er eier med så stor andel at de har mer en halvparten av stemmene i rettssubjektets øverste organ, eller har rett til å velge mer en halvparten av medlemmene med stemmerett i rettssubjektets øverste organ.*

*KIM er 100 prosent eid av det offentlige, som også utnevner styrerepresentantene. Da KIM ikke konkurrerer i det åpne markedet på ordinære forretningsmessige vilkår og i direkte konkurranse og på samme vilkår som private, vil ikke unntaket for slike typer virksomheter komme til anvendelse på KIM, jf. offentliglova paragraf 2, andre ledd.*

*Det følger av dette at KIM er omfatta av offentliglova».*

KIM AS har lagt vedlagd dokumentasjon, og opplysningar frå direktør i Arbeidsgiverforening for Vekst- og attføringsbedrifter (ASVL) til grunn for sine tidlegare vurderingar av problemstillinga.

Dagleg leiar Morgan Taule i KIM AS er invitert til møte for å gje ei orientering om korleis dei no har starta sitt arbeid med å følgje opp saka vidare.



**Behandling i møte:**

Rådmannen og dagleg leiar Morgan Taule i KIM AS deltok i saka.

**Habilitet**

Kåre Østrem er styremedlem i KIM AS og er derfor ugild i saka Fvl § 6 pkt e). Han gjekk frå og Sissel Bjørke tok plass som varamann under handsaminga av saka.

Dagleg leiar Morgan Taule i KIM AS orienterte om KIM AS sitt arbeid for å følgje opp saka vidare.

I orienteringa framkom mellom anna:

- Eigarskapskontrollen har vore nyttig og dei fleste punkta er retta opp
- Vil no følgje opp dei to punkta som står att i høve innkjøpslova og offentleglova

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning. Saka vert avslutta med grunnlag i dei opplysningar som kom fram om vidare oppfølging frå KIM AS

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning. Saka vert avslutta med grunnlag i dei opplysningar som kom fram om vidare oppfølging frå KIM AS

**35/19 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn****Saksopplysningar :**

For å sikre god internkontroll, vert det etter kontrollutvalet sitt ønskje, lagt fram ein oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Kommunestyret vedtok i sak 093/18 ei budsjettramme på 802 000 kr til kontrollutvalet for 2019. På bakgrunn av tidlegare års rekneskap og vurdering av ressursbehov er midlane fordelt av kontrollutvalet.

	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Rekneskap per 27/5 2019	Avvik per 27/5 2019
Rekneskapsrevisjon	214 000*	250 000	80 000	-170 000
Forvaltningsrevisjon	258 000*	300 000	217 500	-83 000
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	132 000	130 276	- 2 000
Drift av kontrollutvalet	99 000	120 000	86 000	-34 000
Momskompensasjon			78 000	
<b>Totalt kontrollutvalet</b>	<b>701 000</b>	<b>802 000</b>	<b>592 000</b>	<b>-210 000</b>

\*I note 2 til rekneskapet for 2018 er det opplyst at honorar til revisor Deloitte AS utgjer for rekneskapsrevisjon kr 270 000 og forvaltningsrevisjon kr 339.688. Begge summer er då inkludert mva.

Kontrollutvalet har i perioden delteke på opplæring som er kostnadsført.

Det er ført eit å konto beløp vedkomande rekneskapsrevisjon i 2019 og det er fakturert for arbeid med pågåande forvaltningsprosjekt. Kostnad for sekretariat gjeld heile 2019. I drift av kontrollutvalet inngår 30.000 som godtgjering til folkevalde.



Det vil påløpe kostander til rekneskapsrevisjon i hht avtale og avsluttande arbeid med forvaltningsrevisjonen. Dette tyder på at budsjettet for 2019 vert stramt for 2. halvår.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning

**36/19 Førebuing felles møte for kontrollutvala – september 2019**

**Saksvedlegg:**

Referat frå møte den 8.5.19 , sjå Skriv og meldingar pkt 1.

**Saksopplysningar:**

Leiarane for kontrollutvala har drøfta aktuelle tema for fellesmøte og har sett opp slik framlegg til program:

- Informasjon om status i arbeidet med samanslåingsprosessen
  - Ordfører i Meland kommune / leiar for fellesnemnda Øyvind Oddekalv
  - Rådmann Lindås kommune / programansvarleg Alver kommune  
Ørjan Raknes Forthun
- Orientering om status helse og omsorg - Kommunalsjef Leni Dale
- Orientering om oppdatert status for felles barnevern
  - Prosjektleiar for prosjektet Felles barnevern / Barnevernsleiar Sissel Frotjold
- Orientering om budsjettframlegg for kontrollutvalet i Alver
- Innspel til opplæringsbehov for kontrollutvalet i Alver
- Avsluttar med lunsj kl 12.00 / 13.00

Det er no avtalt slik: Møtedato: **Onsdag 25. september kl 09.00**

Møtestad: Alver hotel

Framlegg til program vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering/drøfting i møte.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Framlegg til program vert teke til orientering

**Samrøystes vedtak:**

Framlegg til program vert teke til orientering



**37/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden**

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

I møte den 24. april 2019 svarte dei 5 medlemene som var til stades slik på utdelt spørjeskjema.

Der vart kryssa av for kvar av spørsmål nedanfor på ein scala frå frå 1- 6.  
der 1 = lite/dårleg/uenig ..... 6 = mykje/svært bra/enig

<b>Møte og arbeid i kontrollutvalet</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>
Har du fått god nok opplæringa om KU sine oppgåver og mandat ?			1	1	2	1
Er dine forventningar til KU sitt arbeid innfridd?					3	2
Er sakene som vert drøfta i KU relevante for oppgåver og mandat som KU har ?				1	2	2
KU er kommunestyrets kontrollorgan – fyller ein den rolla?				1	1	2
Korleis fungerer arbeidet i KU, som eit kollegium ?					2	3
<b>Sekretariatet</b>						
Er sakene til møta i KU førebudd på ein tilfredstillande måte ?					2	3
Er vedtaka i KU tilfredstillande følgd opp av sekretariatet ?					2	3
<b>Revisjon</b>						
Er du nøgd med revisjonen sine rapportar og orienteringar ?					4	1
<b>Forvaltningsrevisjon</b>						
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte selskapskontrollar?					3	2
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte forvaltningsprosjekt?				1	2	2
<b>Oppfølging av vedtak i administrasjon / kommunestyre</b>						
Har vedtaka i KU innverknad på administrasjonen si tenesteutøving?				3	2	
Har vedtaka i KU innverknad på kommunestyret sine drøftingar/vedtak?				2	1	
<b>Samarbeid med administrativ og politisk leiing</b>						
Vert rådmann /administrasjon for sjeldan kalla inn til møte i KU ?		1		1	1	2
Kor nøgd er du med administrasjonen sine orienteringar i KU ?					4	1
Ordførar har møte og talerett i KU – bør ordførar møte oftare ?				2	3	
<b>Informasjon kontakt med innbyggjarane</b>						
Er innbyggjarane i kommunen kjend med kva KU si rolle er?	1		3	1		
Burde lokalavisene vore meir engasjert i KU sitt arbeid?			2		3	

Resultat av eigenevalueringa vert lagt fram til drøfting slik den føreligg.

Medlemene vert også oppmoda om å reflektere over

- Eigne erfaringar frå kontrollutvalsarbeidet i denne kommunestyreperioden  
Kva har vore bra ? Kva bør endrast?
- Korleis leggje til rette for ei god opplæring av nytt kontrollutval
  - Felles tiltak i regi av sekretariat / revisjonen – tilrettelagt for KU
  - Deltaking i folkevaldsopplæringa
  - Ønskjeleg organisering av kurs
- Andre innspel/ framlegg



**Behandling i møte:**

Ulike erfaringar frå perioden vart drøfta

Moment å ta omsyn til for ny periode:

- Grundig opplæringa ved oppstart – 1. og 2. vara må delta
- Informasjon til lokalaviser – inviterast til møte

**Framlegg til vedtak:**

Evalueringa vert å ta med i sluttrapport frå perioden

**Samrøystes vedtak:**

Evalueringa vert å ta med i sluttrapport frå perioden

**38/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Behandling i møte:**

Ingen saker/merknader vart teke opp i møte

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader

**39/19 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

Ingen saker vart tekne opp

**Neste møte: er 11. september 2019**

Førebels saker til neste møte er:

- Forvaltningsprosjekt trygt og godt skulemiljø i Lindås kommune
- Rekneskap / budsjett for kontrollutvalet 2020

Knarvik, 12.06.2019

Leif Erik Gullanger, leiar (sign)

Øivind Olsnes, sekretær